



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Malin Bruu
Vår: 22/8396 - 22/91584

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
30.11.2022

Søknad om dispensasjon fra avstand til offentlig veg - gbnr 323/419 Frekhaug

Tiltak: Dispensasjon frå kommunal veg
Byggjestad: Havnevegen
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult As


Sake gjeld oppbygging av ned brent tomannsbustad – Gbnr 323/419.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søknaden gjeld oppbygging av ned brent tomannsbustad på Gbnr 323/419 i Alver kommune.

Tomannsbustaden oppførast med tilnærma same plassering som tidlegare bygg. Bustaden vil ha same antal etasjar men mindre BYA enn tidlegare bygg.



Vurdering/drøfting:

Kommunevegen er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Vegen er ikkje skilta med særskild fartsgrense, men forholda tilseier at ein ikkje kan ha høgare fart enn 30 km/t.

Avkøyrslar langs slike veger skal fungere som møteplassar.

Den nye tomannsbustaden vil ha ei minste avstand frå midt kommunal veg på 2,9 meter. Bustaden vil ligge langs eit rett strekk på kommunevegen og vil difor ikkje ha innverknad på siktforholda langs vegen.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vil ikkje verte etablert avkøyrslø eller parkeringsplass langs tomannsbustaden. Tomannsbustaden er ein del av Meland sjukeheim og vil ha felles parkering med sjukeheimen, slik at dei som skal på besøk kan nytte felles parkeringa.

Kommunal veg vert nytta som tilkomstveg til Meland sjukeheim, Frekhaug Fysioterapisenter og omsorgsbustader som er knyta til sjukeheimen. Det er ikkje lagt til rette for at andre kan nytte vegen som tilkomstveg til sine eigedomar.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppbygging av tomannsbustaden.

Dispensasjonen vert gitt på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 gjev Alver kommune, ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for tomannsbustad på følgjande vilkår

- Minste avstand mellom midt kommunal veg og næraste del av tiltak skal være minimum 2,9 meter, som om søkt.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at andre nødvendige løyver ligg føre.
- Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning og VVA-drift frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på bygningar som vert plassert nærare kommunal veg enn byggegrense og andre avstandskrav.
Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og veglys) oppstår skadar på bygning, skal eigar av bygning sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadane.

Vedtaket gir berre løyve til å plassere tomannsbustaden innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket må ha løyve etter plan og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsett at andre godkjenningar ligg føre.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune v/prosjektansvarleg

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOS
SEN